

Flygtningenævnets baggrundsmateriale

Bilagsnr.:	538
Land:	Gaza-Vestbredden
Kilde:	Landinfo
Titel:	Palestinske sjølvstyres (PA) behandling av opposisjonelle på Vestbreidda
Udgivet:	7. februar 2023
Optaget på baggrundsmaterialet:	27. april 2023



LANDINFO

Utlendingsforvaltningens fagenhet for landinformasjon

Temanotat

Palestina

PAs behandling av opposisjonelle på Vestbreidda

7. februar 2023



© Landinfo 2023

Materialet i denne publikasjonen er omfattet av åndsverklovens bestemmelser. Uten særskilt avtale med Landinfo er enhver eksemplarfremstilling og tilgjengeliggjøring bare tillatt i den utstrekning det er hjemlet i lov.

Alle henvendelser om Landinfos rapporter kan rettes til:

Landinfo

Utlendingsforvaltningens fagenhet for landinformasjon

Fredrik Selmers vei 6

Postboks 2098 Vika

0125 Oslo

Tel: 23 30 94 70

E-post: landinfo@landinfo.no

www.landinfo.no

Om Landinfos temanotat

Utlendingsforvaltninga si fageining for landinformasjon (Landinfo) innhentar og analyserer informasjon om samfunnsforhold og menneskerettar i land som Utlendingsdirektoratet (UDI), Utlendingsnemnda (UNE) og Justis- og beredskapsdepartementet har behov for kunnskap om. Landinfos temanotat er basert på opplysningar frå nøye utvalde informasjonskjelder, og kan bygge på både skriftleg og munnleg kjeldemateriale. Opplysningane er behandla i samsvar med [anerkjende kvalitetskriterium](#) for landinformasjon og Landinfo sine [retningsliner for kjelde- og informasjonsanalyse](#).

Temanotata bygger på både skriftleg og munnleg kjeldemateriale. Ein del av informasjonen som blir formidla, er innhenta gjennom samtalar med kjelder på informasjonsinnhentingsreiser. Landinfo strever for breidde i kjeldetilfanget, og innhentar, så langt det er mogleg, informasjon frå kjelder som arbeider uavhengig av kvarandre. Alt kjeldemateriale som er brukt er fortløpande referert i temanotata. Omsyn til einskilte kjelders ønske om anonymitet er ivaretatt.

Notata gir ikkje eit uttømmende bilete av temaa som blir undersøkt, men belyser problemstillingar som er relevante for UDIs og UNEs behandling av utlendingssaker

Landinfo er ei fagleg uavhengig eining, og informasjonen som presenterast kan ikkje bli tatt til inntekt for eit bestemt syn på kva praksis bør være i utlendingsforvaltninga si behandling av søknadar. Landinfo sine temanotat gir heller ikkje uttrykk for norske myndigheiter sitt syn på dei omtalte landa og forholda

About Landinfo's reports

The Norwegian Country of Origin Information Centre, Landinfo, is an independent body within the Norwegian Immigration Authorities. Landinfo provides country of origin information (COI) to the Norwegian Directorate of Immigration (Utlendingsdirektoratet – UDI), the Immigration Appeals Board (Utlendingsnemnda – UNE) and the Norwegian Ministry of Justice and Public Security.

Reports produced by Landinfo are based on information from carefully selected sources. The information is collected and analysed in accordance with [common methodology for processing COI](#) and [Landinfo's internal guidelines on source and information analysis](#).

To ensure balanced reports, efforts are made to obtain information from a wide range of sources. Many of our reports draw on findings and interviews conducted on fact-finding missions. All sources used are referenced. Sources hesitant to provide information to be cited in a public report have retained anonymity.

The reports do not provide exhaustive overviews of topics or themes, but cover aspects relevant for the processing of asylum and residency cases.

Country of Origin Information presented in Landinfo's reports does not contain policy recommendations nor does it reflect official Norwegian views.

Summary

The Palestinian Authority (PA) is under pressure. In tandem with severe economic recession and a growing Israeli military presence in the West Bank, Palestinian calls for political reform are growing. The PA routinely counters such demands with the use of force. Palestinian civil society and international rights organizations have long criticized the PA for restricting the freedom of expression, detaining political prisoners without trial, systematically mistreating detainees during interrogations, and using severe force against peaceful activists. This report examines how the PA treats both peaceful and militant oppositional political actors in the West Bank: 1) external oppositional groups such as Hamas and Palestinian Jihad in Palestine, 2) internal oppositional actors connected to the PLO/Fatah, 3) new militant actors without a clear factional profile, and last, 4) civil society actors, journalists, and peaceful activists.

Samandrag

Det palestinske sjølvstyret (PA) er under sterkt press. I takt med økonomiske nedgangstider og eit veksande israelsk militært nærvær på Vestbreidda, aukar også palestinske krav om politisk reform. Slike krav blir stadig møtt med maktbruk frå myndigheitene si side. Over fleire år har palestinsk sivilsamfunn og internasjonale menneskerettsorganisasjonar kritisert PA for å innskrenke ytringsfridomen, internere politiske fangar utan dom, nytte systematisk mishandling under avhøyr og bruke makt mot fredelege aktivistar. I dette notatet ser vi nærare på korleis PA behandlar både fredelege og militante politisk opposisjonelle på Vestbreidda: 1) Eksterne opposisjonelle grupper som Hamas og Palestinske islamske jihad, 2) interne opposisjonelle aktørar frå PLO/Fatah, 3) nye væpna grupper utan klar fraksjonsprofil, og til slutt 4) sivilsamfunn, journalistar og fredfulle aktivistar.

Innhold

1	Innleiing	6
2	Den juridiske konteksten	7
3	PAs utvikling i autoritær retning	8
3.1	Asymmetrisk fredsprosess	8
3.2	Mot kollaps	9
3.3	Donoravhengigheit og sikkerheitspolitikk	9
3.4	Vedvarande legitimitetskrise	10
4	Forhaldet til Hamas og Palestinske islamske jihad	11
4.1	Mishandling i fengsel	12
5	Forhaldet til den interne opposisjonen	14
5.1	Den militante Fatah-grasrota	14
5.2	Politiske elitar	15
6	Forhaldet til dei nye væpna gruppene på Vestbreidda	16
6.1	Uavhengige eller ei forlenging av etablerte fraksjonar?	16
6.2	PA under press	18
7	Forhaldet til aktivistar, journalistar og sivilsamfunn	19
7.1	Åtak på demonstrantar og journalistar	20
7.2	Arrestasjonar av studentaktivistar og mistenkte sympatisørar	20
7.3	Innskrenking av pressefridom, ytringsfridom på nett	21
7.4	Straffefridom	22
8	Referanser	23

1 Innleiing

5. november 2022 rapporterte The Jerusalem Post at palestinske sikkerheitsstyrkar i Ramallah hadde arrestert to aktivistar og konfiskert mobiltelefonen til ein tredje (Abu Toameh 2022a). Aktivistane skal ha blitt arrestert på grunn av deira rolle i å arrangere The Popular Palestinian Conference; eit fysisk og digitalt arrangement der palestinatarar frå ulike delar i verda hadde tatt til orde for å reformere Den palestinske frigjeringsorganisasjonen (heretter PLO) gjennom demokratiske val (al-‘Arabi al-Jadid 2022a). Ein av dei arresterte uttala at den palestinske leiarskapen på Vestbreidda hadde lagt press på lokale myndigheiter for å forby arrangementet (Muaddi 2022a).

Det palestinske sjølvstyret, den politiske administrasjonen som styrer deler av Vestbreidda (heretter PA), er under sterkt press.¹ I september 2022 skreiv FN-konferansen om handel og utvikling (heretter UNCTAD) at PA er ramma av den «djupaste økonomiske krisa» i si historie (UNCTAD 2022, s. 11). Fleire faktorar bidreg til dette. Sidan den andre intifadaen (2000–2005) har Israel gradvis innskrenka rørslefridomen til palestinske arbeidadarar og heldt tilbake PAs skatteinntekter. På same tid har donorstøtta til PA minska over ein lengre periode (UNCTAD 2022, s. 10-13).

Den økonomiske stagnasjonen har politiske konsekvensar. Kutt i offentlege lønningar og den politiske leiarskapens manglande evne til å konfrontere eit veksande israelsk nærvær (militært eller i form av busettingar) i palestinske sjølvstyreområde, har lenge vore kjelder til mykje misnøye. Eit fleirtal av palestinatarar på Vestbreidda seier dei har mista tru på tostatsløysinga og ønskjer at PAs president, den 87 år gamle Mahmoud Abbas, skal gå av.²

Som vist i eksempelet over, blir aukande krav om politisk reform stadig møtt med maktbruk frå myndigheitene. Over fleire år har palestinske sivilsamfunnsaktørar og det internasjonale samfunnet kritisert PA for å innskrenke ytringsfridomen (Middle East Eye 2022), nytte sikkerheitsstyrkar for å slå ned på demonstrasjonar og politisk aktivisme (Barakat 2022) og nytte systematisk mishandling under avhøyr, internere politiske fangar utan dom og bruke makt mot fredelege aktivistar (al-Haq 2022; Amnesty International 2022a, b; HRW 2022; Lawyers for Justice 2022).

¹ PA refererer til «The Palestinian Authority», det engelske namnet på sjølvstyret. Forkortinga blir også flittig nytta på norsk.

² I september 2022 svara 58 % av palestinatarar på Vestbreidda at dei var mot tostatsløysinga med Israel, medan 73 % ønskja at Abbas skulle gå av (Palestinian Center for Policy and Survey Research 2022).

I dette temanotatet ser vi nærare på korleis PA behandlar politisk opposisjonelle på Vestbreidda; eit omgrep vi nyttar om både ikkje-valdelege og væpna aktørar. Notatet skildrar PAs forhold til:

- Eksterne opposisjonelle grupper som Hamas og Palestinske islamske jihad
- Interne opposisjonelle aktørar knytt til PLO-gruppene, og spesielt Fatah
- Nye væpna militsgrupper utan ein klar fraksjonsprofil
- Sivilsamfunn, journalistar og fredelige aktivistar

Temanotatet bygger primært på opne kjelder, og inkluderer rapportar frå menneskerettsorganisasjonar, akademisk litteratur og arabisk- og engelsk-språklege nyheitskjelder. Før vi tar for oss dei politisk opposisjonelle, gir vi nokre overordna betraktningar om den rettslege situasjonen på Vestbreidda og ein kort historisk bakgrunn som forklarar PAs utvikling i autoritær retning.

2 Den juridiske konteksten

Vestbreidda er inndelt i 11 provinsar (*muhafaza*), og PAs guvernørar har ansvaret for lokale politi- og sikkerheitsstyrkar og ei rekke andre offentlege etatar. Guvernørane er tilsette av innanriksdepartementet, men blir utnemnd av PAs president og svarar gjerne direkte til sistnemnde (ECFR u.å.-a).

Rettssystemet til PA består av ting-, lagmann- og høgsterett, forliksdomstol, militære domstolar og sharia-domstolar (i familiesaker) (ECFR u.å.-b). I tillegg administrerer PAs guvernørar sine respektive Civil Peace-administrasjonar (tidlegare «Tribal Affairs») som koordinerer eit nettverk av lokale forsonings-komitear (*lijan islah*) som (primært men ikkje eksklusivt) meklar mellom feidande familiar basert på tradisjonell beduinlov (‘urf) (Sogge 2022).

PAs basislov frå 2002 (de facto grunnlov) opnar for dødsstraff ved presidentens signatur, men myndigheitene har sidan tidleg på 2000-talet praktisert eit moratorium mot dødsstraff (Linel & Plaçais 2019, ICHR 2022a, s. 54).

I januar 2021 kunngjorde Mahmoud Abbas to dekret som gjorde det mogleg for presidenten å utnemne og fjerne dommarar frå ulike domstolar, inkludert leiaren for høgsteretten (Hass 2021). I oktober 2022 kunngjorde han eit nytt dekret der han gjorde seg sjølv til leiar av eit nytt *High Judicial Council*, som samla dei mest betydelege aktørane i PAs rettssystem under hans leiarskap (MEMO 2022a).

Abbas har også gradvis utvida det juridiske mandatet til dei militære domstolane, slik at dei mellom anna kan dømme politipersonell (Ma‘an news 2018). Jamvel om palestinske menneskerettsorganisasjonar tidlegare har kritisert PA for å stemne sivile for militære domstolar (al-Haq 2011), er det ting som tyder på at denne praksisen har vorte mindre vanleg med tida (‘Abadin 2018).

Det er viktig å understreke at sjølv om den palestinske leiarskapen har utvikla seg i autoritær retning, betyr ikkje dette at PA aleine kontrollerer lov og orden på Vestbreidda. Som nemnd over, er PAs rettssystem og sikkerheitsstyrkar sterkt kua av Israel som opererer egne sikkerheitsstyrkar (heretter IDF) og militære domstolar. Som vi skal sjå, har israelske sikkerheitsstyrkar også eit betydeleg nærvær i området som etter formelle avtalar er definert som palestinske sjølvstyreområde. Israel er ein hovudaktør når det gjeld å undertrykke palestinske menneskerettar. Det er ikkje uvanleg at politisk opposisjonelle kan bli ettersøkt av både PA og IDF (sjå for eksempel Times of Israel 2021). Dette temanotatet handlar primært om PAs behandling av politisk opposisjonelle, og går i liten grad inn på IDF.

3 PAs utvikling i autoritær retning

Oslo-avtalen, som vart underteikna av den israelske statsministaren Yitzhak Rabin og PLO-leiar Yasser Arafat i 1993, sette ein stoppar for den Første intifadaen; det massive folkeopprøret som hadde rasa mot den israelske okkupasjonen av Gaza, Vestbreidda og Jerusalem sidan 1987. Fredsforhandlingane la til rette for at delar av PLO-leiarskapen, som hadde vore basert i eksil, kunne dra til heimlandet for å opprette ein midlertidig kvasi-statleg administrasjon (PA), som byrja å ta kontroll over palestinske majoritetsområde mellom 1994 og 1995.

Jamvel om PA vaks fram i kjølvatnet av eit grasrotsopprøyr som var karakterisert av sterke sivile institusjonar, og sjølv hadde eit uttala mål om å regjere etter demokratiske prinsipp, har den faktiske politikken til den palestinske leiarskapen skilt seg drastisk frå desse intensjonane. Slik som den palestinsk-amerikanske statsvitaren Dana el Kurd argumenterer, har PA vore med på å polarisere og demobilisere det palestinske folket ved bruk av autoritære styringsstrategiar (El Kurd 2019, s. 2). For å forstå denne utviklinga må vi rette søkelyset mot nokre overlappende faktorar: ein asymmetrisk fredsprosess som palestinarar i liten grad meiner har lagt til rette for reelt sjølvstyre, donoravhengigheita til PA og ei langvarig legitimitetskrise i den palestinske leiarskapen.

3.1 Asymmetrisk fredsprosess

Som eit resultat av Oslo-prosessen vart frigjeringskampen til PLO underordna PAs statsbyggingsansvar, som inkluderte sikkerheitskoordinasjon med Israel. På same tid byrja Fatah, den leiande aktøren i PLO, på ein vanskeleg overgang frå væpna geriljarørsle til politisk parti. Vestbreidda og Gazastripa vart delt opp i område som fekk merkelappen A (underlagt PAs sikkerheitsstyrkar), B (delt palestinsk og israelsk styre), og C (underlagt IDF), medan spørsmålet om Jerusalem vart utsett til ein seinare dato. Samtidig byrja den palestinske leiarskapen å bygge statlege institusjonar ved hjelp av donorpengar frå USA,

europaiske og arabiske land. Tanken var at PA skulle danne grunnlaget for ein framtidig palestinsk stat, som skulle bli ein realitet etter fem år med forhandlingar.

Vegen dit var ikkje openberr. Den nye palestinske administrasjonen mangla suverenitet over grenser og økonomi, og var avhengig av donorstøtte for å betale lønningar, som kunne haldast tilbake om PA-leiarskapen ikkje spelte på lag med Israel, den sterkaste parten i forhandlingane. Medan Oslo-prosessen ikkje gav nokon garanti for ein sjølvstendig palestinsk stat, gav han Arafat, som var leiarskap for både Fatah og PLO, økonomiske og politiske middel til å marginalisere opposisjonen mot hans styre (Haddad 2016, s. 89; Sogge 2022). Den nye palestinske eliten knebla sivilsamfunn, etablerte monopol og dreiv økonomiske kartell (Dana 2020). På same tid vart makta i Fatah, PLO og PA samla i eit knippe hender. Dette er nokre av grunnane til at kritikarar hevda at PA var meir eigna til å kue palestinsk motstand mot Israel enn å legge til rette for reell nasjonal sjølv-råderett (sjå for eksempel Hilal & Khan 2004, s. 6-8).

3.2 Mot kollaps

Desse interne spenningane sette PA-leiarskapen på kollisjonskurs mot den yngre garden i nasjonalrørsla, inkludert i Fatah, som hadde vore svært skeptisk til Oslo-avtalen frå starten (Shikaki 2002). Mot slutten av 1990-talet hadde fleire av flyktingleirane på Vestbreidda – spesielt i dei nordlege byane Nablus og Jenin – utmerka seg som basar for opposisjonsstrømmingar, som kritiserte PA-eliten for å berike seg på donorpengar og undergrave frigjeringsagendaen til nasjonalrørsla (Kershner 2005, s. 112).

Da fredsprosessen braut saman og dei palestinske områda eksploderte i eit nytt opprør, kjend som Den andre intifadaen (2000–2005), tok nokre av desse aktørane del i å danne militante nettverk som dei Fatah-tilknytte al-Aqsa martyrbrigadane (heretter AMB). Desse var støtta materielt av ei brokete samling palestinske politiske leiarar og angrep ei rekke israelske sivile og militære mål, mellom anna ved bruk av sjølv-mordsbombarar (Sogge 2021, s. 41-42). Samtidig invaderte IDF Vestbreidda med bakke- og luftstyrkar, gjennomførte massearrestasjonar og bombarderte ei rekke PA-kontor og vital infrastruktur (Leech 2016, s. 64-69).

Etter at opptøyane omsider døydd ut, mana vestlege donorar den nye PA-leiarskapen til å kue dei væpna rørslene frå intifadaen. Som vi skal sjå, skulle donorstøtte i byte mot sikkerheit definere forholdet mellom den palestinske leiarskapen og det internasjonale samfunnet i den kommande perioden.

3.3 Donoravhengigheit og sikkerheitspolitikk

Allereie under den andre intifadaen hadde sikkerheit blitt ein hjørnestein i alle diplomatiske initiativ mellom donorsamfunnet og palestinske myndigheiter (Friedrich & Luethold 2007, s. 14). Etter at Arafat døydd i 2004, tok Fatah-

veteranen Mahmud Abbas over styringa av PLO/PA. Med vestleg og arabisk donorstøtte skulle han få PA tilbake på føtene, restaurere øydelagt infrastruktur og etablere lov og orden i dei palestinske områda. USA blei hovudsponsor for omfattande sikkerheitssektorreformer og tok del i å utstyre og trene rekruttar til PAs nye Nasjonale sikkerheitsstyrkar (Levinson 2009).

Jamvel om dei ovannemnde reformene tok sikte på å danne ein apolitisk sikkerheitssektor fri for klientelisme, var det liten tvil om at sikkerheitsstyrkane heldt fram med å vere assosiert med Fatah-rørsla og hennar politiske leiarskap. Frå 2007 til 2010 vart over 100 AMB-krigarar frå Vestbreidda lauslatne frå israelske fengsel og (re)integrert i palestinske sikkerheitsstyrkar på bakgrunn av amnesti-avtalar der dei lova å overgi våpena sine til PA og ikkje inngå i «væpna aktivitet» mot Israel (Mar'i 2010; NBC News 2007). Væpna grupper som motsette seg (eller ikkje passa inn i) desse initiativa, på den andre sida, vart møtte med vald, arrestasjonar og undertrykking av PAs sikkerheitsstyrkar (Leech 2016, s. 100).

Dette vart spesielt tydeleg etter at forsøket på å danne ei palestinsk samlings-regjering kulminerte i at Hamas tok makta på Gazastripa i 2007. På Vestbreidda sette Abbas-administrasjonen i gong ein storstilt sikkerheitskampanje for å knekke den islamistiske rivalrørsla og gjennomførte massearrestasjonar av både organiserte medlem og sympatisørar (Leech 2016, s. 100).

Med over 65 000 tilsette og ein av verdas høgste tal på sikkerheitspersonell per innbyggjar (Tartir 2017b, c), har PAs sikkerheitssektor vorte den mest synlege delen av palestinsk statsbygging og den største budsjettposten for myndighetene. Satsinga på sikkerheitssektoren har likevel ikkje ført til at Israel har trekt seg ut av palestinske sjølvstyreområde militært. Sidan den andre intifadaen har jødiske busettingar (som ofte er vakta av IDF) auka dramatisk (Sawafta & Chacar 2022).

Donoravhengigheita til PA, leiarskapens tilsynelatande manglande evne til å konfrontere Israel og politiseringa av statlege institusjonar er alle faktorar som har bidrege til legitimitetskrise som lenge har prega PA.

3.4 Vedvarande legitimitetskrise

Medan sentrale donorar som USA og EU oppfordra PA til å slå hardt ned på irregulære palestinske militsar og oppretthalde sikkerheitskoordinasjon med Israel, har krava til demokratisk reform vore like rigide.

Grunna den vedvarande splittinga mellom styret på Vestbreidda og Gazastripa, har ikkje Fatah og Hamas klart å gjennomføre nasjonale val sidan 2006 (Jensehaugen & Sogge 2021). I mellomtida har Abbas, sjølv om president-perioden hans gjekk ut i 2009, heldt fram ved å styre ved dekret, medan han gradvis har styrka si makt over palestinske domstolar (Muaddi 2022b) og ekskludert politiske konkurrentar frå Fatah-partiet (Boxerman 2021).

I forskinga er det brei einigheit om at den donoravhengige politiske økonomien til PA, slik han har utvikla seg etter den andre intifadaen, har lagt grunnlaget for eit autoritært palestinsk styre som i liten grad står til ansvar for eiga befolkning og nyttar sikkerheitsstyrkar til å slå ned på politisk opposisjon (El Kurd 2019; Haddad 2016; Leech 2016). I 2017 skreiv dei palestinske akademikarane Hussein Agha og Ahmad Samih Khalidi at PA i praksis fungerer som ein donorfinansiert sikkerheitsleverandør for Israel, som manglar evna til å vinne fram i forhandlingar eller sikre palestinske politiske interesser (Agha & Khalidi 2017).

Desse synspunkta blir i nokon grad også reflektert i den palestinske opinionen. I ei undersøking gjennomført i september 2022, svara 57 % av befolkninga på Vestbreidda at PA var «ei byrde» for det palestinske folket, medan eit mindretal på 37 % svara «ein ressurs» (Palestinian Center for Policy and Survey Research 2022). Heile 73 % svara at dei ønskja at Abbas skulle gå av.

Denne legitimitetskrise handlar nok ikkje berre om politisk representasjon, men også om at PA, som vist over, grunna minkande donorstøtte ikkje klarar å oppretthalde sin del av avtalen i form av å tilby offentlege lønningar og andre gode. Som vi skal sjå seinare, har den veksande misnøya resultert i uro på Vestbreidda, der irregulære væpna rørsler dei siste månadane har fått større spelerom og i gryande grad utfordrar valdsmonopolet til PA.

Det er verd å merke seg at PAs forhold til både ikkje-valdeleg og militant opposisjon er langt frå eintydig, og varierer med tanke på aktør og kontekst, inkludert kva legitimitet desse har på heimebane, kva koplingar dei har til personar i Fatah-leiarskapen eller i kva grad dei kan knytast til (internasjonalt) terrorstempla rørsler. Vi byrjar med å sjå nærare på PA sitt forhold til sistnemnde.

4 Forhaldet til Hamas og Palestinske islamske jihad

Tidleg på 1990-talet oppretta PA Det preventive sikkerhetsbyrået (*al-amn al-wiqā'ī*) for å slå ned på eller halde auge med opposisjonsfraksjonar og militargrupper (IRB 2009; Luft 1999). Dette inkluderte først og fremst valdelege islamistiske grupper som Hamas og Palestinske islamske jihad (heretter PIJ) som markerte seg som dei mest hardnakka motstandarane av fredsprosessen og PAs sikkerheitskoordinering med Israel.

Medan begge gruppene var sterkt kua og hadde låg oppslutning på midten 1990-talet, vaks dei betrakteleg og fekk langt større militært og politisk handlingsrom da PAs institusjonar kollapsa under den andre intifadaen (Skare 2021, s. 168-175). I nokon grad var dette også eit resultat av at daverande PA-leiar byrja å lauslate internerte militante aktørar frå palestinske fengsel for å legge press på Israel i tida før opprøret var eit faktum (Skare 2021, s. 176). Der den andre intifadaen førte dei

militære fløyene til Fatah, Hamas og PIJ saman i nokon grad, har reetableringa av PAs sikkerheitssektor hatt ein svært polariserande effekt på desse forholda.

I 2005 etablerte USA institusjonen *The U.S. Security Coordinator's Team (USSC)*, som via finansiering, trening og samarbeid med nord-amerikanske, israelske (og jordanske) myndigheiter skulle «transformere og profesjonalisere» den palestinske sikkerheitssektoren som hadde kollapsa under den andre intifadaen (U.S. Department of State u.å.). Etter at ein kortvarig palestinsk borgarkrig enda med at Hamas tok over styringa av Gazastripa i 2007, trappa USSC opp innsatsen med å utdanne og trene opp sikkerheitspersonell på Vestbreidda for å sikre lov og orden, motarbeide «Hamas-aktivitet» og «reetablere PAs autoritet», slik USSC-leiar Keith Dayton ordla seg (Dayton 2009).

Som ledd i dette kunngjorde PA-president Abbas i november 2007 eit dekret som gav PAs preventive sikkerheitsbyrå mandat til å gjere arrestasjonar og drive egne interneringssenter (HRW 2008, s. 5). I dei kommande få åra gjennomførte PA, med dei preventive styrkane og etterretningstenesta i spissen, ein omfattande sikkerheitsoffensiv som i all hovudsak retta seg mot medlem og sympatisørar av Hamas og PIJ på Vestbreidda. I løpet av 2009 hadde PA internert om lag 600 Hamas-medlem, og nær 150 Hamas-tilknytte sosiale institusjonar vart stengd (al-Risheq 2009). Året etter meldte den militære fløya til PIJ at 100 av deira medlem satt i PA-fangenskap (Saraya al-Quds 2010).

4.1 Mishandling i fengsel

PAs nulltoleranse for væpna islamistiske rørsler har gjort at Hamas og PIJ ikkje lenger har eit opent organisatorisk nærvær på Vestbreidda, og at både etablerte medlem og laust tilkople sympatisørar risikerer fengsling og mishandling av sikkerheitsstyrkar.

Begge gruppene har med jamne mellomrom skulda PA for å nytte «tortur» mot deira «politiske fangar» på Vestbreidda (al-Risala 2018; Melhem 2022a). Ifølgje ei arabiskspråkleg nyheitskjelde frå 2022 blir personar mistenkt for å vere tilknytt Hamas og PIJ, rutinemessig sendt til Jeriko-fengselet sør på Vestbreidda, som lokalt er kjend som «slaktarhuset» (*al-maslakh*) grunna rykte om dei hardhendte metodane til fengselsautoritetane (Arabi 21 2022).

I ein rapport frå 2018 bekreftar Human Rights Watch (heretter HRW) at Jeriko-fengselet er eitt av fleire interneringssenter som sikkerheitsstyrkane og etterretninga nyttar for å avhøyre «politiske fangar» (HRW 2018). I rapporten fortel tidlegare fangar om korleis PA-offiserar sparka, piska og slo dei med batongar og møblar, og nytta elektriske sjokk mot kjønnsorgan under avhøyr. HRW gir likevel uttrykk for at den mest vanlege forma for mishandling var å forlate fangane i timevis i smertefulle stressposisjonar (omtala som *al-shabah* på arabisk) og andre

hardhendte avhørsmetodar som ikkje alltid påfører kroppen synlege skadar (HRW 2018).

I sin årsrapport for 2021 hevdar den palestinske menneskerettsorganisasjonen ICHR at vald frå palestinske styresmakter mot sivile, er eit aukande problem (ICHR 2022 a, s. 56-61). Rapporten beskriv at i 2021 retta sivile palestinarar på Vestbreidda dei fleste skuldingane mot sivilpolitiet, etterretninga, dei preventive sikkerheitsstyrkane, The Joint Security Committee i Jeriko som inkluderer ulike etterretningstenester og diverse interneringssenter, i tillegg til nokre interneringssenter (ICHR 2022a, s. 61).

PA har ved mange høve blitt skulda for å internere personar utan dom. På Vestbreidda er det ei kjend sak at guvernørar kan nytte «administrativ forvaring», som betyr å arrestere sivile utan å straffeforfølgje dei (ICHR 2022a, s. 69).³ Det finst også eksempel på at sikkerheitsmyndigheiter har overstyrt det palestinske rettsvesenet og heldt tilbake fangar som formelt sett har blitt lauslatne. I oktober 2022 hevda advokaten til ein 30-åring skulda for å høyre til Hamas' militære fløy, at vedkommande hadde vorte overført til eit sjukehus som følgje av mishandling av PAs sikkerheitsstyrker i Jeriko-fengselet (sitert i MEMO 2022b). Jamvel om ein domstol i Jeriko bestemte seg for å lauslate 30-åringen, vart han verande i PAs varetekt på ordre av guvernøren av Nablus, der han først vart fengsla (The Palestinian Information Center 2022).

Fleire kjelder hevdar at PAs offensiv mot Hamas på Vestbreidda har hatt ei klar politisk slagside, som overgår ambisjonen om å slå ned på illegale våpen og ulovlege grupper (Leech 2016, s. 105). Ved fleire høve har sikkerheitsmyndigheitene gjennomført arrestasjonar av mistenkte Hamas-medlem som svar på Hamas' internering og mishandling av Fatah-medlem på Gazastripa (Rasgon 2018). I HRWs rapport fortel ein 28 år gamal mann som vart grovt mishandla i Jeriko-fengselet, mellom anna om korleis etterretningsoffiserar fortalde han at det no var på tide å «betale prisen for kuppet på Gazastripa» (2018, s. 6). Rapporten fortel også om korleis fem journalistar mistenkt for å vere kopla til Hamas, vart fengsla av PA og brukt som pressmiddel i forhandlingar om å lauslate ein «pro-Fatah-journalist» i Hamas' varetekt på Gazastripa (2018, s. 31).

På den andre sida er det lite som tyder på at forsoningssamtalar mellom Fatah og Hamas har ført til at nokon av partane har letta på undertrykkinga av rivalen. Tidleg i 2021, da partane møttest i Egypt for å diskutere moglegheita for å halde nasjonale val, heldt PAs sikkerheitstyrkar fram med å arrestere mistenkte Hamas-

³ I starten av februar 2023 vedtok PAs høgsterett/forfatningsdomstol at artikkel 3 og 8 frå den jordanske straffeloven av 1954, som tidlegare vart nytta som påskot for å gi guvernørane høve til å gjennomføre administrativ forvaring, var ukonstitusjonelle (Ajyal 2023). Det er i skrivande stund usikkert kva dette vil seie for vidare praksis av administrativ forvaring.

medlem på Vestbreidda. Ein av dei skal ha vore ein journalist frå Nablus som hadde kritisert Abbas i eit Facebook-innlegg (Abu Toameh 2021a).

5 Forhaldet til den interne opposisjonen

PAs autoritære utvikling har også lagt mykje press på dei politiske gruppene som er organisert under PLO. På grunn av deira allianse med Fatah-leiarskapen, har mindre PLO-grupper som Den populære og Den demokratiske fronten for frigjeringa av Palestina (PFLP og DFLP) blitt politisk marginalisert, og har svært avgrensa påverknadskraft på palestinsk politikk (Saverio 2020). Jamvel om unge medlem frå desse fraksjonane tidvis har kritisert den palestinske leiarskapen på Vestbreidda for å slå ned på sivilsamfunn og arrestere tilknytte aktivistar (MEMO 2020), har spenningane vore størst internt i Fatah; den leiande rørsla både i PLO og PA. Trass i konsolideringa av makt på toppen, har Fatah lenge vore prega av uro grunna konkurrerende maktsentrum og leiande personlegdomar som har søkt støtte frå eksterne politiske krefter for å styrke si påverknadskraft i palestinsk politikk. Abbas-leiarskapens minkande toleranse for intern opposisjon har resultert i kampanjar for å identifisere og luke ut overløparar. Som vi skal sjå, kan dei som blir assosiert med kontroversielle fløyer i Fatah, risikere å bli arresterte og mishandla av PAs sikkerheitsstyrkar.

5.1 Den militante Fatah-grasrota

PAs sikkerheitsoffensiv mot illegale væpna grupper på Vestbreidda har ført til store spenningar i dei Fatah-tilknytte al-Aqsa-brigadane (AMB).

Samtidig som fleire av desse aktørane hadde støtta presidentkandidaturet til Abbas ved vala i 2005/2006 og med ein viss skepsis underteikna amnestiavtalane som PA tilbød, inkluderte dei også personar som var sterkt kritiske til den politiske eliten (sjå punkta 3.2, 3.3) og som følte seg framandgjort frå leiarskapen i Ramallah (Leech 2016, s. 101). Sjølv om den militante grasrota i Fatah i prinsippet støtta sikkerheitskampanjane mot Hamas og tok del i å kue rørsla etter 2007, tok det ikkje lenge før delar av AMB sjølv hamna i PAs søkelys.

Midt på 2010-talet byrja sikkerheitsstyrkane å slå ned på tidlegare AMB-medlem som i mellomtida hadde alliert seg med konkurrentar av Abbas i Fatah-apparatet som var ivrige etter å utnytte den aukande misnøya med leiarskapen hans (Sogge 2019). Denne innsatsen samanfoll i stor grad med at den ekskommuniserte Fatah-leiaren Muhammad Dahlan lanserte sitt kandidatur til PA-leiarskapen og i den anledning også byrja å bygge ein militær infrastruktur i flyktningleirar i byane Jenin, Nablus og Ramallah – ofte ved å sette arbeidslaus leirungdom på lønningslistene (Ghorbiah 2016). Ein tidlegare rådgivar for Mahmoud Abbas hevda i eit intervju frå 2019 at Dahlan berre var ein av fleire konkurrentar i Fatah som kniva

om å vinne gunst hos den militante grasrota internt i rørsla og sponsa sine respektive militante aktørar (sitert i Sogge 2021, s. 169).

Mens spenninga steig mellom partane, gjennomførte PAs sikkerheitsstyrkar ei rekke raid i fleire av flyktningleirane på Vestbreidda der den militante Fatah-opposisjonen hadde vakse seg stor (Zilber 2016). Fleire personar som vart arrestert under desse raida, har skulda palestinske myndigheiter for å nytte tortur eller internere dei i isolasjon utan dom eller tilgang til advokat (Tartir 2017).

Det er viktig å understreke at AMBs forhold til PA er komplekst, og ikkje einssidig prega av konflikt. Jamvel om intern uro i Fatah-rørsla ved fleire høve har ført til samanstyrt mellom partane, har ikkje PA nødvendigvis prioritert å avvæpne irregulære Fatah-militsar. Det kan vere fleire grunnar til dette. Ei velinformert kjelde frå Balata-leiren i Nablus-området, fortalde Landinfo at AMB uformelt tar del i å demme opp mot påverknadskrafta til militsgrupper frå konkurrerande fraksjonar i flyktningleirar der PAs kontroll er omstridt (telefonsamtale, november 2022). Ho hevda også at ei full avvæpning av desse gruppene ville medføre eit tap av ansikt for den politiske leiarskapen.

5.2 Politiske elitar

PAs raid mot flyktningleirane nådde eit høgdepunkt i 2016–2017, men myndigheitene trappa opp offensiven mot Fatah-opposisjonen igjen med annonseringa av nasjonale val i siste halvdel i 2020. PA-leiarskapens bekymring for intern politisk konkurranse har resultert i at fleire høgtstående personar i Fatah-rørsla mistenkt for koplingar til Dahlans «Demokratiske reformrørslé», har vorte arrestert (Boxerman 2020).

Oppgjeret med Fatah-opposisjonen har også hatt implikasjonar for ytrings-fridomen på Vestbreidda. PA har for eksempel stengt nettsider og organisasjonar mistenkt for å ha motteke støtte frå Dahlan, som sidan han vart utvist av Fatah i 2011, har heldt til i Abu Dhabi (Zilber 2020). Før Abbas kansellerte dei omtala nasjonale vala i 2021, ekskluderte han fleire kandidatar frå Fatah-rørsla som ønska å stille til val (Jensehaugen & Sogge 2021).

Ifølgje HRW (2018, s. 52-55) finst fleire eksempel på at personar mistenkt for å støtte bannlyste opposisjonsleiarar internt i Fatah-rørsla, som Dahlan, har blitt grovt mishandla under avhøyr i PA-fengsel på Vestbreidda. I kontrast til behandlinga av islamistiske aktørar som Hamas og PIJ, er det likevel ikkje nødvendigvis slik at alle interne opposisjonelle frå Fatah-rørsla, risikerer arrestasjonar. Så vidt Landinfo erfarer, tolererer PA-leiarskapen i visse tilfelle at personar i leiarsjiktet eller på mellomleiar-nivå, mottek støtte frå aktørar utanfor rørsla og har ein fot i fleire politiske båsar – sannsynlegvis for å unngå offentlege skandalar.

PAs forsøk på å kue både intern og ekstern opposisjon på Vestbreidda, har ikkje vore ein eintydig suksess. I neste bolc ser vi nærare på myndigheitene sitt forhold til ein type aktør som bryt noko med dei tradisjonelle fraksjonsstrukturane.

6 Forhaldet til dei nye væpna gruppene på Vestbreidda

9. august 2022 tok israelske soldatar seg inn i gamlebyen i Nablus og opna eld mot ei leilegheit der fleire ettersøkte palestinarar hadde forskansa seg. Tre vart drepne i skotvekslinga, deriblant 18 år gamle Ibrahim al-Nabulsi. Han var mis-tenkt for å leie eit lyssky nettverk av militante unge menn, som den israelske hæren meinte hadde stått bak ei rekke åtak mot israelske soldatar og jødiske busetjarar månadane i forkant (RT 2022). Medan «martyren» al-Nabulsi vart hylla i sin død som «løva frå Nablus,» tok gruppa hans namnet Løvehiet (*‘Arin al-usud*).

Løvehiet er eit av fleire nye militante nettverk i nordlege byar på Vestbreidda som i 2021–2022 vart nasjonale fenomen. Vi veit enno lite om kvar store desse rørslene er, i kva grad dei har ein organisatorisk struktur, eller korleis dei rekrutterer medlem. Det er ikkje i kvart tilfelle openbert kor vidt ein skal forstå desse gruppene som ein opposisjon til dei etablerte politiske fraksjonane, eller som ein lyssky forlenging av dei.

6.1 Uavhengige eller ei forlenging av etablerte fraksjonar?

Dei etablerte palestinske politiske gruppene har både konkurrert om å ta ansvaret for dei nye væpna gruppene i Nablus og Jenin, og skulda rivalar for å stå bak dei (Abu Toameh 2022b). Israel har hardnakka hevda at Hamas er ein hovudsponsor for fleire (Melhem 2022b). Ifølgje ein velinformert akademikar frå Gazastripa (møte i Oslo desember 2022) er det liten tvil om at etablerte grupper som Hamas og PIJ ser på dei nye militante gruppene som ein gylden moglegheit til å lette trykket frå Gazastripa, ved å ekspandere konflikten mot Israel til Vestbreidda. Det er med andre ord god grunn til å tru at desse aktørane har eit betydeleg insentiv til å støtte dei nye væpna gruppene materielt, og samtidig underkommunisere si rolle i den militante eskaleringa på Vestbreidda. Nokre av dei nye aktørane har openberre organisatoriske koplingar til etablerte fraksjonar, sjølv om namna deira kommuniserer tilhøyrse til lokalsamfunn slik som bydelar eller flyktningleirar.⁴

Dette betyr likevel ikkje at dei nye gruppene på Vestbreidda ikkje har unike organisasjonsmodellar, er drivne av eigne motiv eller frontar former for identitet som skil seg (i ulike grad) frå dei etablerte fraksjonane. Så vidt Landinfo erfarer, består dei i stor grad av unge menn (frå tenåra til trettiåra) som finn saman på

⁴ Dette er mellom anna tilfelle for Jenin-brigaden og Nablus-brigaden som begge har klare koplingar til PIJ. Det same gjeld Balata-brigaden som har base i flyktningleiren Balata i Nablus og tydelege band til delar av AMB/Fatah.

tvers av ideologisk forankring, er frustrerte over den politiske elitens passivitet og deler eit ønskje om å konfrontere den israelske okkupasjonen og jødiske busettingar med vald. Det kan verke som tanken om å hemne falne vener også er ein motiverande faktor.

Jenin-brigaden, for eksempel, skal ha blitt danna i kjølvatnet av at IDF invaderte Jenin-flyktningleiren for å arrestere ettersøkte medlem av PIJ i juni 2021. Episoden enda med fleire drepne, inkludert to medlem av palestinske sikkerheitsstyrkar og 23 år gamle Jamil ‘Amuri frå PIJ. Etter dette tok fleire av ‘Amuris vener opp våpen for å kjempe mot Israel (Abraham 2022).

Desse har tilsynelatande motteke støtte frå utlandet. I ein Al Jazeera-dokumentar frå januar 2023 gir ein Syria-basert leiar av PIJs militære ving (Quds-brigadane) uttrykk for at han er ein sentral aktør med tanke på å støtte Jenin-brigaden og andre nye PIJ-tilknytte grupper materielt og strategisk (Akram al-‘Ajuri, sitert i Al Jazeera 2023a). Samtidig understrekar han at Jenin-brigaden arbeidar tett med personar frå andre fraksjonar lokalt, og at grensene mellom dei ulike gruppene er noko flytande. Dette blir også bekrefta av lokale kjelder. «Det er på høg tid at PA og okkupasjonen anerkjenner at det ikkje er nokon måte å stoppe ungdommen her frå å bruke alle middel,» fortalde ein medlem av dei Fatah-tilknytte al-Aqsa-brigadane i Jenin-leiren til pressa i august 2022. «Det er derfor vi her i denne leiren arbeidar saman: Hamas, Islamske jihad, Abu Ali Mustafa-brigadane [den væpna vingen til PFLP] og alle som er villige til å forsvare leiren» (sitert i AbulKarim & Hatuwa 2022).

I den nemnde dokumentaren hevdar kjelda frå Quds-brigadane til PIJ at Løvehiet i stor grad har vore med på å bane vegen for denne typen samarbeid (Al Jazeera 2023a). Løvehiet, med base i gamlebyen i Nablus, skal også ha blitt danna for å hemne falne vener, og er tilsynelatande organisert av personar med tilknytning til Fatah, PIJ, Hamas, PFLP osv. (Adra 2022). Ifølgje palestinsk og israelsk presse skal Løvehiet vere i stand til å utvikle improviserte bomber og ha eit betydeleg våpenarsenal (Caspit 2022). Det er sannsynleg at dei har motteke materiell støtte frå dei etablerte fraksjonane, for eksempel Hamas og PIJ, eller al-Aqsa-brigadane (Fatah) gjennom personlege kontaktar.

Ifølgje den palestinske aktivisten Younis Tirawi kommuniserer Løvehiet for det meste gjennom sosiale media, der gruppa sine kommunike blir spreidd av tusenvise av følgjarar på ei rekke ulike plattformer, for eksempel Tik Tok og Telegram (Younis, sitert i Farsang 2022). Nokre av kommunikea har oppfordra palestinarar til kollektiv motstand og generalstreikar mot okkupasjonsmakta, medan andre har vore meir kryptiske.

Eit frekvent tema er vulkanen som symbol. Fleire kommunike nemner «den brennande motstandsvulkanen som ikkje vil bli sløkt. (الشاهد 2022)». Ifølgje Tirawi kan bruken av vulkanen bli tolka som ei oppfordring til å samle unge

palestinarar i kamp mot okkupasjonen der, og at deira valdelege metodar bør kopierast av andre (Farsang 2022). Jamvel om Nablus og Jenin er hovudbasen til dei nye gruppene, skal små militante celler eller «støttenettverk» også finnast i Tulkarem, Tubas, Ramallah og sørover på Vestbreidda, og i Aust-Jerusalem etc. (al-‘Arabi al-Jadid 2022b). I november 2022 åtvare israelsk etterretning mellom anna mot eit mindre som kallar seg Den svarte hula (al-Kahif al-aswad) som skal vere operativ i område som Jenin, Tulkarem og Nablus, og som tydeleg har henta inspirasjon frå Løvehiet både når det gjeld image på sosiale media og militant aktivitet (Tareq 2022).

6.2 PA under press

Jamvel om dei nye militante nettverka ikkje nødvendigvis er i konflikt med PA, har deira militante aksjonar lagt mykje press på palestinske styresmakter som er ansvarlege for lov og orden i bysentrum som Nablus og Jenin.

Etter at Løvehiet tok på seg ansvaret for drapet på ein israelsk soldat 11. oktober 2022, stengte den israelske hæren av Nablus by. Blokaden gjorde det vanskeleg for arbeidsfolk å komme inn og ut av området, og tærte på næringslivet i den sentrale handelsbyen. Sjølv om blokaden har blitt oppheva sidan den gong, har IDF heldt fram med å gjennomføre sporadiske stengingar av urbane område, og har trappa opp det militære nærværet i både Nablus og Jenin. Samtidig har israelske spesialstyrkar ved gjentatte høve tatt seg inn i dei nemnde områda (nokre gonger i forkledning) og utført attentat mot leiarar av dei militante nettverka.

Jamvel om IDF har lagt betydeleg press på PA, erfarer Landinfo at palestinske myndigheiter så langt har trødd forsiktig overfor dei nye militante nettverka. Dette kan henge saman med at Israels opptrapping av militære operasjonar på Vestbreidda har gjort den politiske kostnaden ved sikkerheitssamarbeid med okkupasjonsmakta større. I januar 2023 kunngjorde den palestinske leiarskapen at PA vil bryte sikkerheitssamarbeidet med IDF (Abu Toameh 2023).

Det kan også henge saman med at myndigheitene slit med å halde kontroll på dei nye aktørane. Dette gjeld kanskje spesielt i Jenin-leiren, som så vidt Landinfo erfarer, skal vere delvis utanfor palestinske myndigheites kontroll. Men også i Nablus-området, der kontakten mellom PA og lokale militante nettverk tradisjonelt har vore meir avklart, har sikkerheitsstyrkane hittil vegra seg for å gripe inn. Det er ikkje usannsynleg at palestinske myndigheiter kjenner på eit press frå eigne rekker, tatt i betraktning populariteten til Løvehiet og liknande aktørar.

Etter at IDF i august 2022 drap Løvehiet-leiar Ibrahim al-Nabulsi, som var son av ein palestinsk sikkerheitsoffiser, retta fleire Abbas-lojalistar (implisitt) kritikk mot PA og tostatsløysinga generelt (Kingsley 2022). Nokre ytra at dei ikkje lenger

hadde kapasitet til, eller interesse av, å legge lokk på raseriet til ungdommen.⁵ Etter episoden vart også fleire bilete delt på sosiale media av at medlem av PAs sikkerheitsstyrkar gjorde honnør til plakatar av al-Nabulsi.

I nokre tilfelle har PA forsøkt å etablere seg som ein verje for unge militante aktørar, ved å verne dei mot israelske åtak i bytte mot at dei gir frå seg våpena. Dette var tilfellet etter at IDF i slutten av oktober 2022 invaderte gamlebyen i Nablus og drap ein sentral Løvehil-leiar med koplingar til Fatah/AMB (Abu Toameh 2022c). Etter episoden skal ei rekke medlem av gruppa ha overgitt seg til PAs sikkerheitsstyrkar på løftar om rettferdig behandling (The Jerusalem Post 2022). Ifølgje to medlem av Løvehiet som takka nei til slike amnestiavtalar, skal PA ha lokka med leiligheiter og lønningar i sikkerheitsstyrkane, mot å oppløyse nettverket (sitert i intervju med Al Jazeera 2023a).

Langt frå alle aktørar har blitt tilbode amnesti. I september 2022 arresterte palestinske sikkerheitsstyrkar Musa 'b Shtayye. 30-åringen (nemnd under 4.1), som skal ha blitt mishandla i PAs varetekt, var heldt for å vere Løvehiet sitt viktigaste bindeledd til Hamas, og hadde lenge vore ettersøkt av israelske myndigheiter. Episoden resulterte i demonstrasjonar i Nablus og samanstyrt mellom lokalbefolkning og PAs sikkerheitsstyrkar (Melhem 2022c). Etter alt å dømme har PAs arrestasjonar så langt retta seg mot individ heller enn nye militisgrupper kollektivt. Det er enno tidleg å seie, og dette vil kunne endre seg på sikt.

I januar 2023 fylde demonstrantar Nablus' gatar nok ein gong med oppmaningar om å sleppe fri «den politiske fangen» Shtayye (Al Jazeera 2023b). Fleire journalistar frå palestinsk presse skal ha klagt på at PA hindra dei i å filme eller rapportere frå hendingane. Undertrykking av palestinske media ser vi nærare på i siste del av notatet, der vi rettar vi søkelyset mot pressefridom og vilkåra for ikkje-militante, sivile aktivistar.

7 Forhaldet til aktivistar, journalistar og sivilsamfunn

I juni 2021 storma PAs sikkerheitsstyrkar heimen til og arresterte aktivisten Nizar Banat, som vart grovt mishandla under pågripinga og døydd på sjukehus i fangenskap kort tid etter. 43-åringen, som budde i landsbyen Dura sør på Vestbreidda, hadde utmerka seg som ein høgrøysta og frittalande kritiskar av PA og styret til Mahmoud Abbas, som han kritiserte for korrupsjon, manglande demokratiske tradisjonar og samarbeid med Israel. Han delte hyppig kritiske videoar på Facebook, der han hadde over 100 000 følgjarar (Abu Sneineh 2021).

⁵ Unge palestinarar «ventar ikkje lenger på avgjerda til deira leiarar,» uttala den kjende Fatah-veteranen Taysir Nasrallah frå Nablus-området til pressa i august: «Vi fortalde dei at Oslo ville gi oss ein stat, redusere busettingar og vinne tilbake Jerusalem [...] Men busettingane har auka, Jerusalem er omringa. Korfor skulle dei høyre på oss?» (Nasrallah, sitert i Kingsley 2022).

Banat, ein tidlegare medlem av Fatah-rørsla, hadde vore fengsla fleire gonger av PA, og hadde før drapet gitt uttrykk for at palestinsk etterretning var ute etter han på grunn av hans offentlege utsegn (Abu Sneineh 2021).

PAs kampanjar mot politiske motstandarar er ikkje avgrensa til personar knytt til militante fraksjonar, men òg retta mot sivile utan spesifikk politisk tilhøyrse. Som denne delen viser, har PA lav toleranse for offentleg kritikk frå palestinsk hald, og har ofte gått langt i å kneble meiningsmotstandarar og innskrenke ytringsfridomen til aktivistar og journalistar via lovendingar og ulovleg maktbruk.

7.1 Åtak på demonstrantar og journalistar

PA krev løyve for å gjennomføre demonstrasjonar, og forbyr generelt offentlege arrangement som er kritiske til den palestinske leiarskapen eller hans avgjerder. Demonstrasjonar retta mot Abbas eller PA, blir regelmessig stoppa og møtt med makt av palestinske sikkerheitsstyrkar (Freedom House 2022). Da demonstrasjonar braut ut i Ramallah som ein reaksjon på drapet på Nizar Banat, nytta PAs sikkerheitsstyrkar (fleire av dei kledd i sivil) sjokkgranatar, tåregass og batongar for å stoppe demonstrasjonane. Fleire journalistar uttala at palestinske myndigheiter prøvde å hindre dei frå å dekke demonstrasjonane ved å gå til fysisk åtak på dei, eller ved å konfiskere kamera og telefonar (Al Jazeera 2021). Ein journalist fortalde pressa at sikkerheitspersonell i sivil hadde kasta flaskar og steinar på journalistar, og at ein av dei hadde dratt ho etter seg før han med vald la ho i bakken. Etter episoden skal journalisten ha blitt innkalla til avhøyr hos den palestinske etterretningstenesta (Al Jazeera 2021). Ein annan journalist, som også vart offer for vald under episoden, hevda at ein sikkerheitsoffiser i sivil hadde truga med å valda ho og skade ryktet hennar (Nofal 2021).

I løpet av demonstrasjonane utførte PA «massearrestasjonar» av aktivistar; fleire av dei kjende personar frå palestinsk offentlegheit (Hawari 2021). Ifølgje akademikaren og aktivisten Yara Hawari skal fleire ha blitt mishandla i fangenskap, nekta advokathjelp og møtt med vage skuldingar som i mange tilfelle seinare fall bort. Ho forklarar dette som eit ledd i taktikk som PA praktiserer («chilling effect») for å skremme aktivistar frå å kritisere myndigheitene (Hawari 2021).

7.2 Arrestasjonar av studentaktivistar og mistenkte sympatisørar

Som skildra tidlegare, har PA ei rekke sivilsamfunnsorganisasjonar med lause eller direkte koplingar til islamistiske politiske grupper og uønskte Fatah-rivalar. Dei siste få åra har jakta på Hamas-tilknytte organisasjonar spesielt gått utover studentpolitikken ved læringsinstitusjonar på Vestbreidda.

I juli 2022 fortalde den Ramallah-baserte rettighetsgruppa Lawyers for Justice (*Muhamiyun min ajl al-salam*) at PA hadde arrestert nær 100 palestinatar i løpet

av to månadar (Al Tahhan 2022). Kampanjen, skildra som den mest undertrykkande på ti år, skal ha vore ein reaksjon på at *Den islamske blokka (al-Kutla al-islamiyya)*, eit studentparti med lause koplingar til Hamas, gjorde eit brakval og vann over Fatah-lista på Birzeit-universitetet i mai (Al Tahhan 2022; Najib 2022). Tawfiq al-Tirawi, leiaren for PAs etterretningsteneste, uttala at «Hamas' kontroll» over universitet på Vestbreidda var eit «mjukt kupp», og at Fatah-leiarskapen hadde satt han på saka for å undersøke den urovekkande framgangen i studentpolitikken (Sada News 2022). Ifølgje den ovannemnde advokatgruppa skal dei fleste av dei som vart avhøyr i samband med PAs arrestasjonar, ha blitt spurt om deira deltaking i val, anten som kandidatar eller veljarar (Al Tahhan 2022). PAs kampanjar mot studentaktivistar, spesielt frå Den islamske blokka, heldt fram gjennom 2022. I desember skreiv ICHR (2022b) at om lag 30 aktivistar som hadde vorte arrestert i løpet av desse episodane, satt i PAs varetekt.

Det er verd å nemne at både menneskerettsorganisasjonar og aktivistar i lengre tid har skulda PA for å nytte jakta på Hamas-medlem som påskot til å fengsele dissidentar og regimekritikarar utan noko klar forbinding til den islamistiske rørsle. I 2021 fortalde ein studentaktivist frå Ramallah-området at sikkerheitspersonell hadde mishandla han under avhøyr i Jeriko-fengselet etter at han hadde delteke i demonstrasjonar i heimbyen. «Dei likte ikkje at eg uttala meg kritisk mot PA og skulda meg for å vere Hamas-medlem», sa han i eit intervju med al Jazeera (Alsaafin 2021). I same sak hevda ein advokat tilknytt Addameer, ein NGO som støttar politiske fangar, til al Jazeera at sikkerheitsmyndigheitene rutinemessig kneblar sivilsamfunn og aktivistar ved å skulde dei for å mane opp til «sektarisk strid,» som i praktiske termar tyder kritikk av PA (Alsaafin 2021).

På same tidspunkt rapporterte The Jerusalem Post at PA hadde arrestert om lag 20 aktivistar, fleire av dei på bakgrunn av innhald dei hadde delt på sosiale media (Abu Toameh 2021b). Tidleg i november 2022 skreiv media at PAs fengslingskampanjar mot studentrådet ved Birzeit-universitetet heldt fram. Palestinske sikkerheitsstyrkar skal også ha mishandla og internert ein journalist som dekte demonstrasjonar som hadde blussa opp som følgje av åtferda til PA på campus (Muckand 2022).

7.3 Innskrenking av pressefridom, ytringsfridom på nett

Som vist over, rettar PA tung skyts mot aktørar som dokumenterer overgrep frå sikkerheitsstyrkar og andre myndigheitspersonar. Dette har også involvert lovendingar med mål å innskrenke ytringsfridommen både i papirpressa og på nett.

I 2017 innførte president Abbas ein lov om «elektronisk kriminalitet» som føreskreiv store bøter og langvarig fengselsstraff for ei rekke vagt definerte lovbrøt. Dette inkluderte mellom anna å publisere eller å spreie materiale som var til skade for staten, forstyrre offentleg orden eller var til skade for familiære eller religiøse verdiar (HRW 2017).

Etter fleire møter med sivilsamfunn, journalistar og advokatar, og etter betydeleg press frå det internasjonale samfunnet, vedtok PA å gjere om delar av loven året etter. Den palestinske regjeringa skal ha fjerna nokre av dei mest kontroversielle artiklane. Dette inkluderte mellom anna artikkel 39 som let myndigheitene stenge nettsider i løpet av 24 timar, og artikkel 4, som gjaldt straff av personar som besøker blokkerte eller forbodne nettsider (APC 2018).

Som vi har sett fleire eksempel på, hindrar ikkje dette palestinske myndigheiter på Vestbreidda i å overvake utsegn på sosiale media eller straffeforfølgje personar som uttalar seg kritisk til PA-leiarskapen. Som skildra innleiingsvis, omringa palestinske sikkerheitsstyrkar lokala der nettmøtet The Popular Palestinian Conference vart heldt i Ramallah i november 2022. Konferansen var digital og inkluderte aktivistar frå Vestbreidda, Gaza og den palestinske diasporaen. Ein av dei lokale organisatorane i Ramallah, aktivisten Omar 'Assaf, skulda PA for å internere han i timevis for å hindre han i å tale på møtet (al-Quds al-Arabi 2022).

Ifølgje palestinske aktivistar er det ei kjennsgjerning at PA også overvakar nettet på meir lyssky måtar. I 2021 skulda organisasjonen 7amle, som dokumenterer brot på rettane til brukarar av sosiale media, PAs sikkerheitsteneste for å ha laga omtrent 300 falske profilar og for å drive med «primitive former for hacking» av palestinske brukarar (7amle 2021 s. 12).

7.4 Straffefridom

Medlem av PAs sikkerheitsstyrkar møter sjeldan represaliar for å utføre vilkårlege arrestasjonar eller bruk av overdriven makt. Straffeforfølgjing av sikkerheitsstyrkar er eit sjeldan fenomen (HRW 2018, s. 9). I 2022 kritiserte internasjonale og palestinske menneskerettsorganisasjonar PA for at ingen høgtstående offiserar vart tiltalte etter at aktivisten Nizar Banat vart drepen i palestinsk fangenskap året før, og for at 14 tiltalte lågtstående offiserar vart lauslatt på kausjon, utan å ha blitt tatt ut av teneste (Amnesty International 2022a; The Arab Weekly 2022).

PA-leiarskapen har også blitt kritisert for å nytte utanomrettslege prosedyrar for å dysse ned kritikk etter eigne overtramp. Forskingslitteratur har dokumentert korleis PA i ei rekkje tilfelle har forsøkt å skjerme sine eigne ved å presse familiane til offer av sikkerheitskampanjane retta mot flyktningleirane, til å ta imot økonomisk kompensasjon gjennom «tradisjonelle» forsoningsprosessar, heller enn å prøve saka si i rettssystemet (Sogge 2022; Tartir 2017a).

- 7amleh (2018, 5. juni). Has the Palestinian Cybercrime Law Really Been Amended? *The association for progressive communications (APC)*. Tilgjengelig frå <https://www.apc.org/en/news/has-palestinian-cybercrime-law-really-been-amended> [lasta ned 16. januar 2022].
- 7amleh (2022, 10. januar). مركز حملة يصدر تقريره السنوي حول انتهاكات الحقوق الرقمية الفلسطينية خلال عام 2021 [7amleh- organisasjonen gir ut den årlege rapporteten om brot på palestinske digitale menneskerettar for året 2021]. Haifa: 7amleh. Tilgjengelig frå <https://7amleh.org/2022/01/10/hashtagh-flstyn-tsaad-anthakat-alhqwq-alrqmyh-alflstynyh-khlal-aam-2021> [lasta ned 16. januar 2022].
- ‘Abadin, ‘Isam (2018, 29. januar). المحاكم العسكرية في التجربة الفلسطينية [Palestinske erfaringar med militære domstolar]. *Legal Agenda*. Tilgjengeleg frå <https://legal-agenda.com/المحاكم-العسكرية-في-التجربة-الفلسطينية> [lasta ned 28. november 2022].
- Abraham, Yuval (2022, 5. oktober). In Jenin and Nablus, resistance and despair go hand in hand. +972 Magazine. Tilgjengeleg frå <https://www.972mag.com/jenin-refugee-camp-armed-resistance/> [lasta ned 25. oktober 2022].
- Abu Sneineh, Mustafa (2021, 24. juni). Who Was Nizar Banat, the Outspoken Critic Who Died in Palestinian Authority Custody? *Middle East Eye*. Tilgjengelig frå <https://www.middleeasteye.net/news/palestine-nizar-banat-who-critic-palestinian-authority> [lasta ned 16. januar 2022].
- Abu Toameh, Khaled (2021a, 31. januar). PA arrests Hamas supporters ahead of elections. *The Jerusalem Post*. Tilgjengeleg frå <https://www.jpost.com/middle-east/pa-arrests-hamas-supporters-ahead-of-elections-657334> [lasta ned 14. november 2022].
- Abu Toameh, Khaled (2021b, 29. mai). PA resumes crackdown on social media users, political rivals. *The Jerusalem Post*. Tilgjengeleg frå <https://www.jpost.com/middle-east/pa-resumes-crackdown-on-social-media-users-political-rivals-669546> [lasta ned 28. november 2022].
- Abu Toameh, Khaled (2022a, 5. november). Palestinian Authority arrests activists for demanding reforms, elections. *The Jerusalem Post*. Tilgjengeleg frå <https://www.jpost.com/middle-east/article-721539> [lasta ned 8. november 2022].
- Abu Toameh, Khaled (2022b, 14. oktober). The Palestinian power struggle continues with Lions' Den. *The Jerusalem Post*. Tilgjengeleg frå <https://www.jpost.com/arab-israeli-conflict/article-719641> [lasta ned 31. oktober 2022].
- Abu Toameh, Khaled (2022c, 25. oktober). Who was Wadee al-Houh, the Lions' Den gunman killed in Nablus? *The Jerusalem Post*. Tilgjengeleg frå <https://www.jpost.com/middle-east/article-720511> [lasta ned 1. november 2022].
- Abu Toameh, Khaled (2023, 28. januar). PA doubles down on decision to end security coordination. *The Jerusalem Post*. Tilgjengeleg frå <https://www.jpost.com/israel-news/article-729902> [Lasta ned 6. februar 2023]
- AbulKarim, Fatima & Hatuwa, Dalia (2022, 11. august). How a resurrected militia is defying Israeli and Palestinian rulers. +972 Magazine. Tilgjengeleg frå <https://www.972mag.com/aqsa-martyrs-brigades-jenin-nablus/> [lasta ned 25. oktober 2022].
- Adra, Basil (2022, 12. oktober). The northern West Bank is taking up arms. Will the south join? +972 Magazine. Tilgjengeleg frå <https://www.972mag.com/west-bank-hebron-armed-struggle/> [lasta ned 2. november 2022].

- Agha, Hussein & Khalidi, Ahmad Samih (2017, 6. august). The End of This Road: The Decline of the Palestinian National Movement. *The New Yorker*. Tilgjengeleg frå <https://www.newyorker.com/news/news-desk/the-end-of-this-road-the-decline-of-the-palestinian-national-movement> [lasta ned 22. november 2022].
- al-‘Arabi al-Jadid (2022a, 5. november). " يؤكد أهمية انتخاب مجلس وطني " [Den palestinske populærkongressen - 14 millioner] understrekar viktigheten av å velje ei ny nasjonalforsamling. *al-‘Arabi al-Jadid*. Tilgjengeleg frå <https://www.alaraby.co.uk/politics/مؤتمر-السلطانية-الوطنية-يؤكد-أهمية-انتخاب-مجلس-وطني-جديد> [lasta ned 9. november 2022].
- al-‘Arabi al-Jadid (2022b, 18. oktober). لها وتأيداً "الأسود عربين" لنداءات استجابة الغربية الضفة تعم مسيرات [marsjar over heile Vestbreidda som svar på og støtte til kallet til Løvehiet]. *al-‘Arabi al-Jadid*. Tilgjengeleg frå <https://www.alaraby.co.uk/politics/مؤتمر-السلطانية-الوطنية-يؤكد-أهمية-انتخاب-مجلس-وطني-جديد> [lasta ned 25. oktober 2022].
- al-Haq (2011, 20. juli). *Det illegale ved å prøve sivile palestinanar ved bruk av det militære rettsvesenet*. Ramallah: al-Haq. Tilgjengeleg frå <https://www.alhaq.org/publications/8082.html> [lasta ned 28. november 2022].
- al-Haq (2021, 27. juni). *Al-Haq Condemns the Palestinian Authority Security Forces Attack and Suppression of a Peaceful Assembly in Ramallah*. Ramallah: al-Haq. Tilgjengeleg frå <https://www.alhaq.org/advocacy/18571.html> [lasta ned 25. november 2022].
- Ajyal (2023, 2. februar). المحكمة الدستورية تلغي صلاحية الاعتقال على ذمة المحافظ [Forfatningsdomstolen slettar arrestasjonsmakta til guvernøren]. *Ajyal*. Tilgjengeleg frå <https://arn.ps/post/269395.html> [lasta ned 6. februar 2023].
- Al Jazeera (2021, 28. juni). "Palestinian Media Rally for Protection after Assaults by Police." *Al Jazeera*. Tilgjengeligg frå <https://www.aljazeera.com/news/2021/6/28/palestinian-media-rally-for-protection-after-assaults-by-police> [lasta ned 16. januar 2022].
- Al Jazeera (2023a, 6. januar). [Toppen Av Isberget - Utanfor Forteljingane]. " *Al Jazeera*. Tilgjengeleg frå <https://www.aljazeera.net/programs/the-hidden-is-more-immense/2023/1/6/ما-خفي-أعظم-خارج-الحسابات> [lasta ned 16. januar 2022].
- Al Jazeera (2023b, 11. januar). " الأجهزة الفلسطينية تفرق اعتصاماً بنابلس يطالب بالإفراج عن ناشط في عرين الأسود [Dei palestinske sikkerheitsstyrkane sett ein stoppar for ein demonstrasjon som krev lauslatinga av Løvehiet-aktivist]." *Al Jazeera*. Tilgjengeligg frå <https://www.aljazeera.net/news/2023/1/11/الأجهزة-الفلسطينية-تفرق-اعتصاماً> [lasta ned 16. januar 2022].
- al-Risala (2018, 26. september). عناصر من الجهاد الإسلامي يروون شهادات قاسية لتعذيبهم في سجون سلطة فتح [Medlem av frå Islamske Jihad fortel om grov tortur i Fatah-autoriteten's fengsel]. *al-Risala*. Tilgjengeleg frå <https://alresalah.ps/post/188776/> [lasta ned 25. november 2022].
- al-Risheq, Omran (2009, 10. november). Where is Hamas in the West Bank? *Sada - Carnegie Endowment for International Peace*. Tilgjengeleg frå <https://carnegieendowment.org/sada/24120> [lasta ned 24. november 2022].
- al-Quds al-‘Arabi (2022, 6. november). أجهزة الأمن الفلسطينية تعتقل عمر عساف منسق المؤتمر الشعبي قبل [Palestinske sikkerheitsstyrkar arresterer Omar ‘Assaf organisator av the Palestinian Popular Conference timar før han går av stabelen]. *Al-Quds al-‘Arabi*. Tilgjengeligg frå <https://www.alquds.co.uk/عساف-عمر-أجهزة-الأمن-الفلسطينية-تعتقل> [lasta ned 16. januar 2022].
- Al Tahhan, Zena (2022, 29. juli). Palestinian Authority arrest campaign 'one of the worst in years'. *Al Jazeera*. Tilgjengeleg frå <https://www.aljazeera.com/news/2022/7/29/palestinian-authority-arrest-campaign-one-of-the-worst-in> [lasta ned 14. november 2022].

- Alsaafin, Linah (2021, 28. mai). Why is the Palestinian Authority arresting West Bank activists? *Al Jazeera*. Tilgjengeleg frå <https://www.aljazeera.com/news/2021/5/28/why-is-palestinian-authority-arresting-activists-in-west-bank> [lasta ned 28. november 2022].
- Amnesty International (2022a, 24. juni). *Palestine: Authorities have failed to ensure accountability for the killing of Nizar Banat*. London: Amnesty International. Tilgjengeleg frå <https://www.amnesty.org/en/latest/news/2022/06/palestine-authorities-have-failed-to-ensure-accountability-for-the-killing-of-nizar-banat/> [lasta ned 25. november].
- Amnesty International (2022b, 2. november). *Palestinian authorities must investigate torture allegations of hunger-striking prisoners and ensure their fair trial*. London: Amnesty International. Tilgjengeleg frå <https://www.amnesty.org/en/latest/news/2022/11/palestinian-authorities-must-investigate-torture-allegations-of-hunger-striking-prisoners-and-ensure-their-fair-trial/> [lasta ned 14. november 2022].
- The Arab Weekly (2022, 23. juni). Palestinians denounce release of suspects in Nizar Banat killing. *The Arab Weekly*. Tilgjengeleg frå <https://the arabweekly.com/palestinians-denounce-release-suspects-nizar-banat-killing> [lasta ned 29. november 2022].
- Arabi 21 (2022, 30. juni 2022). سجن أريحا.. "مركز تعذيب" وكابوس للمعتقلين تديره السلطة [Jeriko-fengselet...eit "tortursenter" og eit mareritt for PAs internerte]. *Arabi 21*. Tilgjengeleg frå <https://arabi21.com/story/1447336/سجن-أريحا-مركز-تعذيب-وكابوس-للمعتقلين-تديره-السلطة> [lasta ned 28. november 2022].
- Barakat, Jihad (2022, 25. januar). Why is the Palestinian Authority cracking down on opposition? *Al Jazeera*. Tilgjengeleg frå <https://www.aljazeera.com/features/2022/1/25/analysis-palestinian-authority-cracking-down-on-opposition> [lasta ned 14. november 2022].
- Barghouti, Mariam (2022, 9. november). Israel assassinates "the lion of the Balata Brigade". *Mondoweiss*. Tilgjengeleg frå <https://mondoweiss.net/2022/11/israel-assassinates-the-lion-of-the-balata-brigade/> [lasta ned 29. november 2022].
- Boxerman, Aaron (2020, 21. september). PA arrests 'dozens' of associates of Abbas rival Mohammad Dahlan in West Bank. *Times of Israel*. Tilgjengeleg frå <https://www.timesofisrael.com/pa-arrests-dozens-of-associates-of-abbas-rival-mohammad-dahlan-in-west-bank/> [lasta ned 29. november 2022].
- Boxerman, Aaron (2021, 11. mars). Abbas ousts Yasser Arafat's nephew from Fatah as election race heats up. *Times of Israel*. Tilgjengeleg frå <https://www.timesofisrael.com/abbas-ousts-yasser-arafats-nephew-from-fatah-as-election-race-heats-up/> [lasta ned 24. november 2022].
- Caspi, Ben (2022, 25. oktober). Israel destroys Lion's Den explosive factory in Nablus. *al-Monitor*. Tilgjengeleg frå <https://www.al-monitor.com/originals/2022/10/israel-destroys-lions-den-explosive-factory-nablus#ixzz7jKGhFXj0> [lasta ned 31. oktober 2022].
- Dana, Tariq (2020). Crony capitalism in the Palestinian Authority: a deal among friends. *Third World Quarterly*, 41(2), 247-263. Tilgjengeleg frå <https://doi.org/10.1080/01436597.2019.1618705> [lasta ned 31. januar 2023].
- Dayton, Keith (2009, 7. mai). *Peace through Security: America's Role in the Development of the Palestinian Authority Security Services*. Washington D.C.: The Washington Institute for Near East Policy. Tilgjengeleg frå <https://www.washingtoninstitute.org/policy-analysis/peace-through-security-americas-role-development-palestinian-authority-security> [lasta ned 24. november 2022].
- ECFR, dvs. European Council of Foreign Affairs (u.å.-a). *Governorates*. Tilgjengeleg frå https://ecfr.eu/special/mapping_palestinian_politics/governorates/ [lasta ned 28. november 2022].

- ECFR, dvs. European Council of Foreign Affairs (u.å.-b). *Judicial System*. Tilgjengeleg frå https://ecfr.eu/special/mapping_palestinian_politics/justice_system/ [lasta ned 27. november 2022 2022].
- El Kurd, Dana (2019). *Dana El Kurd, Polarized and Demobilized: Legacies of Authoritarianism in Palestine*. London: Hurst.
- Farsang (2022, 23. oktober). Farsang Interviews: Younis Tirawi. *Farsang*. Tilgjengeleg frå https://farsangjournal.substack.com/p/farsang-interviews-younis-tirawi?r=1pi6a5&utm_campaign=post&utm_medium=web [lasta ned 24. oktober 2022].
- Freedom House (2023). *Freedom in the World 2022: The West Bank 2022*. Washington D.C.: Freedom House. Tilgjengeleg frå <https://freedomhouse.org/country/west-bank/freedom-world/2022> [lasta ned 16. januar 2022].
- Friedrich, Roland & Luethold, Arnold (2007). *Entry-Points to Palestinian Security Sector Reform*. Geneva: Geneva Centre for the Democratic Control of Armed Forces (DCAF). Tilgjengeleg frå <https://www.dcaf.ch/entry-points-palestinian-security-sector-reform> [Lasta ned 6. februar 2022]
- Ghorbiah, Elia (2016, 29. november). As Fatah meets, a time bomb ticks in Palestinian camps. *Middle East Eye*. Tilgjengeleg frå <https://www.middleeasteye.net/news/fatah-meets-time-bomb-ticks-palestinian-camps> [lasta ned 29. november 2022].
- Haddad, Toufic (2016). *Palestine Ltd: Neoliberalism and Nationalism in the Occupied Territory*. London: I.B. Tauris.
- Hass, Amira (2021, 28. januar). Abbas Tightens His Control Over the Palestinian Court System. *Haaretz*. Tilgjengeleg frå <https://www.haaretz.com/middle-east-news/palestinians/2021-01-28/ty-article/.premium/sparking-election-fears-abbas-tightens-grip-on-palestinian-court-system/0000017f-f2a3-d8a1-a5ff-f2ab15000000> [lasta ned 27. november 2022].
- Hawari, Yara (2021, 1. september). The Palestinian Authority's Crackdown on Protest Shows It Will Never Serve Its Own People. *The Guardian*. Tilgjengeleg frå <https://www.theguardian.com/commentisfree/2021/sep/01/palestinian-authority-crackdown-protest-israeli>.
- Hilal, Jamil & Khan, Husain Mushtaq (2004). *State formation under the PNA: Potential Outcomes and their Viability*. London: Routledge.
- HRW, dvs. Human Rights Watch (2008, 29. juli). *Internal Fight: Palestinian Abuses in Gaza and the West Bank*. New York: HRW. Tilgjengeleg frå <https://www.hrw.org/report/2008/07/29/internal-fight/palestinian-abuses-gaza-and-west-bank> [lasta ned 23. november 2022].
- HRW, dvs. Human Rights Watch (2017, 20. desember). *Palestine: Reform Restrictive Cybercrime Law*. New York: HRW. Tilgjengeligg frå <https://www.hrw.org/news/2017/12/20/palestine-reform-restrictive-cybercrime-law> [lasta ned 16. januar 2022].
- HRW, dvs. Human Rights Watch (2018, 23. oktober). *Two Authorities, One Way, Zero Dissent*. New York: HRW. Tilgjengeleg frå <https://www.hrw.org/report/2018/10/23/two-authorities-one-way-zero-dissent/arbitrary-arrest-and-torture-under> [lasta ned 28. november 2022].
- HRW, dvs. Human Rights Watch (2022, 30. juni). *Palestine: Impunity for Arbitrary Arrests, Torture*. New York: HRW. Tilgjengeleg frå <https://www.hrw.org/news/2022/06/30/palestine-impunity-arbitrary-arrests-torture> [lasta ned 25. november 2022].

- ICHR, dvs. The Independent Commission for Human Rights (2022, 15. september). *Twenty Seventh Annual Report annual report of ICHR 2021*. Ramallah: ICHR. Tilgjengeleg frå https://cdn1.ichr.ps/cached_uploads/download/2022/09/15/annual-rep-27-1663231719.pdf [lasta ned 26. januar 2023]
- ICHR, dvs. The Independent Commission for Human Rights (2022, 13. desember). ICHR demands that West Bank security agencies cease campaign of summons service and detention of student and political activists. *ICHR*. Tilgjengeleg frå <https://www.ichr.ps/en/statements/6997.html> [lasta ned 26. januar 2023.]
- IRB, dvs. Immigration and Refugee Board of Canada (2009, 2. juli). *Palestine: Overview of the Palestinian Preventive Security of Gaza; situation of Preventive Security members during and after Hamas takeover in June 2007*. Ottawa: Immigration and Refugee Board of Canada. Tilgjengeleg frå <https://www.refworld.org/docid/4b20f033c.html> [lasta ned 23. november 2022].
- Jensehaugen, Jørgen & Sogge, Erling Lorentzen (2021, 22. mai). The Palestinian elections that weren't. *The Loop*. Tilgjengeleg frå <https://theloop.ecpr.eu/palestinian-elections-hang-in-the-balance/> [lasta ned 18. november 2022].
- The Jerusalem Post (2022, 27. oktober). Lions' Den members turn themselves in to Palestinian security forces. *The Jerusalem Post*. Tilgjengeleg frå <https://www.jpost.com/israel-news/article-720710> [lasta ned 29. november 2022].
- Kershner, Isabel (2005). *Barrier: The Seam of the Israeli-Palestinian Conflict*. New York: St. Martin's Press.
- Kingsley, Patrick (2022, 16. september). Killing of Young Gunman Highlights Shifts in Fast-Changing West Bank. *The New York Times*. Tilgjengeleg frå <https://www.nytimes.com/2022/09/16/world/middleeast/ibrahim-al-nabulsi-west-bank-violence.html> [lasta ned 24. oktober 2022].
- Lawyers for Justice (2022, 15. september). *Lawyers for Justice documented allegations of torture made by the political detainee Islam Bani Shamsa from Nablus*. Ramallah: Lawyers for Justice. Tilgjengeleg frå <https://lawyers4justice.ps/lawyers-for-justice-documented-allegations-of-torture-made-by-the-political-detainee-islam-bani-shamsa-from-nablus/> [lasta ned 25. november 2022].
- Leech, Philip (2016). *The State of Palestine: A Critical Analysis*. London: Routledge.
- Leopardi, Francesco Saverio (2020). *The Palestinian Left and Its Decline: Loyal Opposition*. Singapore: Palgrave Macmillan.
- Levinson, Charles (2009, 15. oktober). Palestinian Support Wanes for American-Trained Forces. *The Wall Street Journal*. Tilgjengeleg frå <https://www.wsj.com/articles/SB125547035200183335> [lasta ned 18. november 2022].
- Linel, Louis & Plaçais, Aurélie (2019, 10. april). *The State of Palestine commits to abolishing the death penalty*. World coalition against the death penalty. Tilgjengeleg frå <https://worldcoalition.org/2019/04/10/the-state-of-palestine-commits-to-abolish-the-death-penalty/> [lasta ned 27. november 2022].
- Luft, Gal (1999). The Palestinian Security Services: Between Police and Army. *Middle East Review of International Affairs (MERIA)*, 3(2). Tilgjengeleg frå https://ciaotest.cc.columbia.edu/olj/meria/meria99_lug01.html [lasta ned 23. november 2022].
- Ma'an news (2018, 27. september). خالد: توسيع صلاحيات القضاء العسكري يلحق الضرر بالحياة المدنية [Khalid: Utvidinga av makta til det militære rettsvesenet er til skade for sivil liv]. *Ma'an news*. Tilgjengeleg frå <https://www.maannnews.net/news/962554.html> [lasta ned 28. november 2022].

- Mar'i, Muhammad (2010, 9. mars). Israel grants amnesty to 77 Fatah militants. *Arab News*. Tilgjengeleg frå <https://www.arabnews.com/node/339165> [lasta ned 18. november 2022].
- Melhem, Ahmad (2022a, 2. juli). Hamas accuses Palestinian Authority of torturing, abusing political prisoners. *Al Monitor*. Tilgjengeleg frå <https://www.al-monitor.com/originals/2022/06/hamas-accuses-palestinian-authority-torturing-abusing-political-prisoners#ixzz7lefITrMk> [lasta ned 25. november].
- Melhem, Ahmad (2022b, 22. oktober). Israel accuses Hamas of sponsoring 'Lion's Den' group. *al-Monitor*. Tilgjengeleg frå <https://www.al-monitor.com/originals/2022/10/israel-accuses-hamas-sponsoring-lions-den-group#ixzz7jImayvsX> [lasta ned 31. oktober 2022].
- Melhem, Ahmad (2022c, 28. september). Palestinian Authority steps up arrests in Nablus under Israeli, US pressure. *al-Monitor*. Tilgjengeleg frå <https://www.al-monitor.com/originals/2022/09/palestinian-authority-steps-arrests-nablus-under-israeli-us-pressure#ixzz7idTv6qsc> [lasta ned 24. oktober 2022].
- Melhem, Ahmad (2022d, 1. juni). Palestinian Islamic Jihad ramps up capabilities in West Bank. *al-Monitor*. Tilgjengeleg frå <https://www.al-monitor.com/originals/2022/05/palestinian-islamic-jihad-ramps-capabilities-west-bank#ixzz7m12D4Fkq> [lasta ned 29. november 2022].
- MEMO, dvs. Middle East Monitor (2020, 23. juli). "Popular Front Calls on Pa to 'Stop Bullying' Palestinians." *MEMO*. Tilgjengelig frå <https://www.middleeastmonitor.com/20200723-popular-front-calls-on-pa-to-stop-bullying-palestinians/> [lasta ned 16. januar 2022].
- MEMO (2022a, 29. oktober). Abbas forms new High Judicial Council, appoints himself head. *MEMO*. Tilgjengeleg frå <https://www.middleeastmonitor.com/20221029-abbas-forms-new-high-judicial-council-appoints-himself-head/> [lasta ned 27. november 2022].
- MEMO (2022b, 10. oktober). PA prisoner taken to hospital as health deteriorates. *MEMO*. Tilgjengeleg frå <https://www.middleeastmonitor.com/20221010-pa-prisoner-taken-to-hospital-as-health-deteriorates/> [lasta ned 28. november 2022].
- Middle East Eye (2021, 29. juli). Palestinian Authority deletes 'freedom of expression' from civil servants code of conduct. *Middle East Eye*. Tilgjengeleg frå <https://www.middleeasteye.net/news/palestinian-authority-deletes-freedom-expression-civil-servants-code-conduct> [lasta ned 14. november 2022].
- Muaddi, Qassam (2022a, 8. november). Palestinian 'Popular Conference' demands PLO reform, launches actions for general elections. *The New Arab*. Tilgjengeleg frå <https://english.alaraby.co.uk/news/palestinian-popular-conference-demands-plo-reform> [lasta ned 8. november 2022].
- Muaddi, Qassam (2022b, 23. mars). Palestinian courts 'losing independence' after new Abbas decree. *The New Arab*. Tilgjengeleg frå <https://www.newarab.com/news/palestinian-fears-grip-courts-after-new-abbas-decree> [lasta ned 18. november 2022].
- Mukand, Jack (2022, 4. november). PA's Arrest of Journalist Covering Protest Is Latest in Ongoing Crackdown on Dissent. *Times of Israel*. Tilgjengelig frå <https://www.timesofisrael.com/pas-arrest-of-journalist-covering-protest-is-latest-in-ongoing-crackdown-on-dissent/> [lasta ned 16. januar 2022].
- Najib, Muhammad (2022, 18. mai). Hamas-backed bloc wins West Bank student elections. *Arab News*. Tilgjengeleg frå <https://www.arabnews.com/node/2085001/middle-east> [lasta ned 28. november 2022].
- NBC News (2007, 6. august). Most West Bank gunmen accept amnesty deal. *NBC News*. Tilgjengeleg frå <https://www.nbcnews.com/id/wbna20136678> [lasta ned 18. november 2022].

- Nofal, Aziza (2021, 2. juli). Palestinian Women Journalists Speak out against 'Deliberate' Attacks by Pa Forces. *Middle East Eye*. Tilgjengelig frå <https://www.middleeasteye.net/news/palestine-women-journalists-speak-up-pa-attacks> [lasta ned 16. januar 2022].
- Palestinian Center for Policy and Survey Research (2022, 2. oktober). *Public Opinion Poll (85)*. Ramallah: Palestinian Center for Policy and Survey Research. Tilgjengeleg frå <http://www.pcpsr.org/en/node/920> [lasta ned 2. november 2022].
- The Palestinian Information Center (2022, 5. oktober). محامي المطارء مصعب اشتية: أبلغنا رسمياً برفض الإفراج عنه [Advokaten til den ettersøkte Mus'ab Shtayye: Vi har blitt informert offisielt om at han blir nekta å sleppe ut]. *The Palestinian Information Center*. Tilgjengeleg frå <https://www.palinfo.com/news/2022/10/5/محامي-المطارء-مصعب-اشتية-ابلغنا-رسمي-ا-برفض-الافراج-عنه> [lasta ned 28. november 2022].
- Rasgon, Adam (2018, 27. september). PA reportedly arrests dozens of Hamas members in the West Bank. *Times of Israel*. Tilgjengeleg frå <https://www.timesofisrael.com/pa-reportedly-arrests-dozens-of-hamas-members-in-the-west-bank/> [lasta ned 25. november 2022].
- RT (2022, 9. august). الجيش الإسرائيلي يكشف تفاصيل اغتيال المطارء إبراهيم النابلسي [Den israelske hæren avslører detaljar om avrettinga av den forfulgte Ibrahim al-Nabulsi]. *RT*. Tilgjengeleg frå <https://arabic.rt.com/world/1379981-ويكشف-التفاصيل-الجيش-الاسرائيلي-يوكد-مقتل-المطارء-إبراهيم-النابلسي-ومقاتل-آخر--> [lasta ned 28. oktober 2022].
- Sada News (2022, 3. juli). الطيراي: حماس تريد عمل انقلاب ناعم في الضفة الغربية [al-Tirawi: Hamas ønsker eit mjukt kupp på Vestbreidda]. *Sada News*. Tilgjengeleg frå <https://www.sadanews.ps/news/120736.html> [lasta ned 28. november 2022].
- Saraya al-Quds (2010, 11. mars). سيف الاعتقال السياسي مسلط على رقاب مجاهدين "الجهاد الإسلامي" في الضفة المحتلة [Nyhende: Politisk internerings-sverdet heng over nakkane til PIJ-krigarar på Vestbreidda]. Tilgjengeleg frå <https://saraya.ps/post/4166-سيف-الاعتقال-السياسي-مسلط-على-رقاب-مجاهدين-الجهاد-الاسلامي-في-الضفة-المحتلة> [lasta ned 24. november 2022].
- Sawafta, Ali & Chacar, Henriette (2022, 12. juli). Expanding Israeli West Bank settlements test U.S. ahead of Biden visit. *Reuters*. Tilgjengeleg frå <https://www.reuters.com/world/middle-east/growing-israeli-west-bank-settlements-test-us-position-ahead-biden-visit-2022-07-11/> [lasta ned 28. november 2022].
- Shikaki, Khalil (2002). Palestinians Divided. *Foreign Affairs*, 81(1), 89-105. Tilgjengeleg frå <http://www.jstor.org/stable/20033005> [lasta ned 1. november 2022].
- Skare, Erik (2021). *A History of Palestinian Jihad*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Sogge, Erling Lorentzen (2019, 18. november). The youth of Balata: A generation of hopelessness. *Jadaliyya*. Tilgjengeleg frå <https://www.jadaliyya.com/Details/40236/The-youth-of-Balata-A-generation-of-hopelessness> [lasta ned 2. november 2022].
- Sogge, Erling Lorentzen (2021). *The Palestinian National Movement in Lebanon: A Political History of the 'Ain al-Hilwe Camp*. London: I.B. Tauris.
- Sogge, Erling Lorentzen (2022). The factionalization of Palestinian customary justice: sulh politics in the Balata refugee camp. *Third World Thematics: A TWQ Journal*, 1-18. Tilgjengeleg frå <https://doi.org/10.1080/23802014.2022.2089364> [lasta ned 31. januar 2023].
- Tareq, Muhammad (2022, 22. november). Den Svarte Hula Følger Løvehiet....Og Trugar Israel." Tilgjengelig frå <https://24.ae/article/731875/الكهف-الأسود-على-خطى-عرين-الأسود-يهدد-إسرائيل> [lasta ned 16. januar 2022].

- Tartir, Alaa (2017a). Criminalizing Resistance: The Cases of Balata and Jenin Refugee Camps. *Journal of Palestine Studies*, 46(2), 7-22. Tilgjengeleg frå <https://doi.org/10.1525/jps.2017.46.2.7> [lasta ned 31. januar 2023].
- Tartir, Alaa (2017b, 16. mai). The Palestinian Authority Security Forces: Whose Security? *al-Shabaka*. Tilgjengeleg frå <https://al-shabaka.org/briefs/palestinian-authority-security-forces-whose-security/> [lasta ned 28. november 2022].
- Tartir, Alaa (2017c, 14. februar). *The Palestinian Security Sector in the West Bank and Gaza Strip*. Jerusalem: Palvision. Tilgjengeleg frå <http://palvision.ps/wp-content/uploads/2021/02/infographic-en-2014f-AT.pdf> [lasta ned 28. november 2022].
- Times of Israel (2021, 6. januar). Military court charges Palestinian activist over 2010 protests, assault. *Times of Israel*. Tilgjengeleg frå <https://www.timesofisrael.com/military-court-charges-palestinian-activist-over-2010-protests-assault/> [lasta ned 28. januar 2022].
- U.S. Department of State (u.å.). *United States Security Coordinator for Israel and the United States*. Washington D.C.: U.S. Department of State. Tilgjengeleg frå <https://whois.domaintools.com/state.gov> [lasta ned 24. november 2022].
- UNCTAD, dvs. United Nations Conference on Trade and Development (2022, 8. august). *Report on UNCTAD assistance to the Palestinian people: Developments in the economy of the Occupied Palestinian Territory*. Geneve: United Nations Conference on Trade and Development. Tilgjengeleg frå https://unctad.org/system/files/official-document/tdbex72d2_en.pdf [lasta ned 11. november 2022].
- Zilber, Neri (2016, 29. september). Fatah's Civil War. *Foreign Affairs*. Tilgjengeleg frå <https://www.foreignaffairs.com/palestinian-authority/fatahs-civil-war> [lasta ned 29. november 2022].
- Zilber, Neri (2020, 11. november). The talented Mr. Dahlan. *New Lines Magazine*. Tilgjengeleg frå <https://newlinesmag.com/reportage/the-talented-mr-dahlan/> [lasta ned 29. november 2022].
- الشاهد, @shahedcc2 (2022, 11. oktober). Twitter. Tilgjengeleg frå <https://twitter.com/shahedcc2/status/1579795057091432448> [lasta ned 31. januar 2023].